

Webundersøking av HVL-biblioteket sine nettsider

Hausten 2019

Bidragstatarar til rapporten

Christoffer Naustdal, Grethe Høyvik Hansen, Kåre Johan Mjør,
Susanne Osland, Anita Svedal, Trude Hals

Rapporten vekslar mellom å vere skriven på nynorsk og bokmål,
noko som reflekterer føretrekt målform hos dei ulike bidragstatarane.

Innhold

SAMMENDRAG	3
INTRODUKSJON	4
AVGRENSING	4
PROBLEMSTILLING	4
TEORETISK PERSPEKTIV OG TIDLEGARE FORSKING	4
METODE	5
OPPGÅVENE	5
RESPONDENTANE OG UTVAL	6
GJENNOMFØRINGA	7
VURDERING AV RESULTAT.....	8
RESULTAT	9
SPØRSMÅL 1: FINN ÅPNINGSTIDENE TIL DITT CAMPUSBIBLIOTEK.....	9
<i>Forslag til tiltak</i>	9
SPØRSMÅL 2: HAR BIBLIOTEKET BOKA <i>METODE OG OPPGAVESKRIVING</i> AV OLAV DALLAND?	9
<i>Forslag til tiltak</i>	9
SPØRSMÅL 3: HVOR VILLE DU LETE ETTER RELEVANT LITTERATUR SOM ER AKTUELL FOR DITT FAGOMRÅDE?	10
<i>Forslag til tiltak</i>	10
SPØRSMÅL 4: DU SKRIVER EN OPPGAVE OG LURER PÅ HVORDAN DU SKAL VISE TIL KILDENE DU HAR BRUKT. HVOR VILLE DU GÅTT FOR Å FINNE UT HVORDAN KILDEHENVISNINGER SKAL SKRIVES?	10
<i>Forslag til tiltak</i>	11
SPØRSMÅL 5: DU TRENGER HJELP TIL LITTERATURSØK I FORBINDELSE MED ET ARBEIDSKRAV. HVORDAN GÅR DU FREM FOR Å KONTAKTE NOEN VED BIBLIOTEKET SOM KAN HJELPE DEG?	11
<i>Forslag til tiltak</i>	11
SPØRSMÅL 6: FINN DE ELEKTRONISKE ORDBØKENE BIBLIOTEKET HAR TILGANG TIL.....	11
<i>Forslag til tiltak</i>	11
SPØRSMÅL 7: DU HAR LÅNT ET PAR BØKER SOM DU ER USIKKER PÅ NÅR DU SKAL LEVERE. DU VIL GJERNE SJEKKE FORFALLSDATO. HVORDAN GÅR DU FREM?	12
<i>Forslag til tiltak</i>	12
SPØRSMÅL 8: FINN OM BIBLIOTEKET HAR KURS I FOR EKSEMPEL SØKING, REFERERING, ETC.....	12
<i>Forslag til tiltak</i>	13
SPØRSMÅL 9: DU HAR LYST TIL Å BRUKE ET BILDE I EN OPPGAVE. HVOR KAN DU FINNE UT HVILKE REGLER SOM GJELDER?	13
<i>Forslag til tiltak</i>	13
SPØRSMÅL 10: HVOR FINNER DU BIBLIOTEKETS KANALER I SOSIALE MEDIER?.....	13
SPØRSMÅL 11: HVOR FINNER DU INFORMASJON OM BIBLIOTEKET SINE LÅNETIDER?	14
<i>Forslag til tiltak</i>	14
SPØRSMÅL 12: FINN DATABASEN WEB OF SCIENCE.....	14
SPØRSMÅL 13: BIBLIOTEKET HAR TILGANG TIL PROGRAM SOM HJELPE DEG Å HOLDE ORDEN PÅ REFERANSER I OPPGAVE. KAN DU FINNE DET?	15
<i>Forslag til tiltak</i>	15
SPØRSMÅL 14: HVA ER DITT INNTRYKK AV WEBSIDEN?	16
KONKLUSJON	17
REFERANSAR	18
VEDLEGG	19
VEDLEGG 1 – OPPGAVER: SPØRREUNDERSØKELSE FOR STUDENTER	19
VEDLEGG 2 – SAMTYKKESKJEMA	20
VEDLEGG 3 – FAKSIMILE AV NETTSIDA	22

Sammendrag

Undersøkelsen hadde som formål å avklare hvordan studentene ved Høgskulen på Vestlandet finner frem på bibliotekets nettsider, hvorvidt klarte å finne frem informasjonen de så etter, samt hvor enkelt de syntes det var. Man hadde ikke en dialog med brukerne da man utviklet nettsidene, og det var derfor interessant å se om de fant frem slik man så for seg. 21 respondenter deltok i undersøkelsen som bestod av 13 spørsmål. Undersøkelsen tok mellom 20-40 min å utføre og ble gjort med video- og lydopptak. Det ble skrevet en oppsummering til hvert spørsmål med forslag til tiltak for å forbedre nettsidene. Det kom frem at nettsidene var gode, og respondentene rapporterte at de fant sidene brukervennlige. Områdene som hadde størst behov for endring var måten å finne frem til rett kalender på, kurstilbud og stoffet som går under fagressurser. Sistnevnte utgjør en utfordring da man bruker en terminologi som er ukjent for brukerne. I arbeidet videre med å utvikle nettsidene er dette en viktig faktor å ta med seg.

Introduksjon

I desember 2017 fekk [biblioteket ved HVL nye nettsider](#). Dei var delvis basert på sidene til HSH, HISF og HIB, men inneheld òg nye tekstar og strukturar. Sidene blei laga i dialog mellom bibliotekets arbeidsgruppe for web, HVL si webgruppe og Bouvet, som er utviklarane av nettsidene. Bouvet var særleg involvert i å utvikla framsida og fagressurssida, som har fastdefinerte malar som ikkje kan endrast av biblioteket.

Under utviklinga av sidene var det i liten grad dialog med brukarane (studentar og tilsette) av nettsidene om kva ei god nettside er og korleis dei navigerer på nett. Derimot blei det brukt rapportar og tilbakemeldingar basert på institusjonane sine gamle sider.

Etter at sidene blei lansert er det berre gjort mindre endringar på dei. Vi ønskjer difor å sjå om brukarane våre finn fram på den måten vi har sett føre oss. Primært skal vi sjå på korleis dei klikkar seg fram, og om dei forstår omgrepa som er brukt. I tillegg ønskjer vi å avdekka om mange brukarar forventar å finne materiale på ein plass der vi ikkje har lagt til rette for at dei skal gjere det.

Avgrensing

I første omgang skal vi undersøke korleis studentane bruker sidene våre, då dei er den største brukargruppa. Dermed vil vi ikkje gå inn på sidene som dreier seg om forskningstenester. Det kan bli aktuelt på eit seinare tidspunkt å gjennomføre ei undersøking retta mot forskarar og fagtilsette.

Problemstilling

Det vi primært undersøker er:

- Korleis finn studentane fram på nettsidene våre ut frå behov dei vil møte i studietida?
- Kva for innhald slit studentane med å finne fram til? Og kva finn dei enkelt fram til?
- Er det vegar/plassar der studentane forventar å finne informasjon, men ikkje gjer det?

Teoretisk perspektiv og tidlegare forskning

Brukartester av nettsider er ein billig og enkel måte å få input frå brukargrupper på, og har difor blitt mykje brukt som metode for å vurdere kvaliteten på websider (Augustine & Greene, 2002, s. 364-365). Tema som går igjen i forskinga på bibliotekwebsider og katalogar, fordi dette viser seg å representere utfordringar for brukarane, er (Singley, 2014):

- Biblioteksjargong
- Val av riktig søkeverktøy
- Mange utgåande lenkjar til ulike sider
- Uvisse om kva dei ulike dokumenttypane er for noko
- Vanskeleg å finne fram til materiale

Det finst fleire definisjonar på kva som gjer ei nettside brukarvenleg. I undersøkinga tek vi utgangspunkt i Jeffrey Rubin og Dana Chisnell sin definisjon:

When a product of service is truly usable, the user can do what he or she wants to do the way he or she expects to be able to do it, without hindrance, hesitation, or questions (...). To be usable, a product or service should be useful, efficient, effective, satisfying, learnable, and accessible. (Rubin & Chisnell, 2008, s. 4)

Efficiency tyder kor raskt brukarens mål kan bli oppnådd på ein tilfredsstillande måte. *Effectiveness* refererer til i kva grad produktet (i dette tilfelle websida) opererer på den måten brukarane forventar og kor enkelt brukarane kan gjere det dei hadde planlagt. *Learnability* heng saman med *effectiveness* og viser til i kva grad brukaren finn fram på nettsida etter å ha fått kjennskap til den, og til kor stor grad ein kan lære seg systemet på nytt etter å ha vore borte frå det ei stund. *Satisfaction* refererer til brukarens oppleving av produktet, og *accessibility* tyder i denne samanhengen at folk med funksjonsnedsetting har tilgang/moglegheit til å sjå/lese innhaldet, med andre ord: at det har ei universell utforming (Rubin & Chisnell, 2008, s. 4-5).

Metode

Undersøkinga er ei brukarundersøking av nettsidene der respondentane utfører oppgåver under oppsyn av vedkommande som gjennomfører undersøkinga. Steve Krug, ein ekspert på brukartester av nettsider, har laga retningslinjer for korleis ein utfører slike undersøkingar på ein enkel måte (Krug, 2014). Kort inneber det at respondenten utfører oppgåvene individuelt med ingen eller lite hjelp frå fasilitatorane. Det blir teke opptak av korleis respondentens utfører oppgåvene. Krug tilrår å bruke mellom 35 og 60 minutt per respondent. I våre testar låg vi på mellom 20 og 40 minutt.

På grunn av at undersøkinga skjer i ein kunstig situasjon, vil svara vere påverka av sjølv overvakingssituasjonen eller av at brukar ikkje ville ha leita etter det vi spør om på eige initiativ. Samstundes kan testsituasjonen gjere respondentane ekstra ivrige til å utføre oppgåvene.

I forskinga varierer det kor mange respondentar forskarar meiner ein bør ha. Generelt for all slik forskning er at ein bruker relativt få respondentar. Det vanlege er om lag 15 respondentar, og at ein deretter møter eit mettingspunkt (Nielsen, 2000).

Oppgåvene

Vi laga eit spørjeskjema med 13 oppgåver knytte til behov som vi rekna med at studentar vil møte på i løpet av studietida, samt eit spørsmål om det generelle inntrykket av sidene (sjå vedlegg 1). Dei dekkjer det meste av innhaldet på dei student-retta sidene våre, som *Skrive og referere*, *Fagressursar* og *Låne og bestille*.

Oppgåvene veksla mellom tilsynelatande enkle spørsmål som «Finn opningstidene til campusbiblioteket ditt» og meir avanserte som «Du treng hjelp til litteratursøk i samband med eit arbeidskrav. Korleis går du fram for å kontakte nokon ved biblioteket som kan hjelpe deg».

Ein del av spørsmåla har eitt tydeleg rett svar eller ei rett webside. For andre spørsmål var det ulike svar som kunne karakteriserast som riktige.

I utforminga av oppgåvene har vi prøvd å avgrense bruken av omgrep som vi har på biblioteket, og heller setje oss inn i hovudet til ein student og utfordringar vedkommande vil ha. Vi ber dei til dømes ikkje om å finne «kontaktbibliotekar» for sitt fag. Det er basert på tanken at studentar ikkje veit at vi har noko vi kallar «kontaktbibliotekar», men at studenten primært ønskjer hjelp frå nokon som kjenner studentens fagområde. Samstundes kan det òg gje ein indikasjon på om ein student spontant skjønner kva «kontaktbibliotekar» er når ho eller han ser dette ordet på skjermen.

Det er anbefalt å gjennomføre ein pilot med oppgåvene før ein har brukartest. P.g.a. lita tid til rådvelde valde vi å sløyfe dette. I etterkant kunne vi sjå at det var uheldig då vi kunne ha fått tydelegare svar dersom vi hadde justert enkelte oppgåver.

Respondentane og utval


Respondentane blei rekrutterte via nettsida vår, Facebook samt plakatar og flygeblad på dei ulike campus. Dei som blei plukka ut til å delta, fekk eit gåvekort på 100 kr som kan nyttast i Saman sine kantiner.

44 studentar melde interesse for å vere med, og til saman 21 respondentar gjennomførte undersøkinga. Utvalet av studentar som vi kontakta, er basert på kva for campus dei studerte ved og kva studium dei høyrde til. Dette for å fordele arbeidsbyrda på oss i webgruppa og sikra representasjon frå alle campus og fakultet. I tillegg var vi ekstra interessert i førsteårsstudentar då nettsidene ville vere heilt nye for dei. Slike studentar var dermed ikkje så godt kjende med sidene våre og med bibliotekterminologien.


Det var noko skeiv rekruttering av respondentar frå ulike campus så vel som studium (fakultet). Til dømes var studentar frå Stord og frå FLKI veldig ivrige. Det var vanskeleg å få med studentar frå Førde og Haugesund samt frå FØS og FIN.

Vi enda opp med denne fordelinga:


Campus og fakultet



Alder og kjønn



Studie og studieår



Gjennomføringa

Innan sjølve undersøkinga byrja, fekk respondentane informasjon om arbeidet vårt, og dei skreiv under eit samtykkjeskjema der dei gav samtykke til å vere med. Dei hadde høve til når som helst å trekkje seg frå undersøkinga om dei skulle ønske det (sjå vedlegg 2).

Respondentane gjennomførte oppgåvene primært på den enkelte bibliotekaren sin jobbmaskin. Dei blei gitt ei oppgåve om gongen. Mellom kvar oppgåve blei skjermen «nullstilt» til bibliotekets startside.

Respondenten leita seg fram på den måten vedkommande var mest tilfreds med, til dømes ved å klikke seg fram eller søkje i søkjefeltet. Dersom respondenten hadde prøvd fleire framgangsmåtar utan å få til oppgåva, fekk dei gjerne eit tips. Eventuelt fekk dei høve til å gå vidare til neste spørsmål.

Alt som skjedde på skjermen, blei teke opp med programmet Screencast-O-Matic (kombinert video- og lydopptak), samt at vi noterte ned eigne observasjonar undervegs.

I samband med undersøkinga spurte vi òg om dei hadde fått opplæring frå biblioteket og kva for røymsler dei hadde med bruk av tenestene og sidene våre. Slik fekk vi ei generell oppfatning om respondentens bibliotekbruk.

Vurdering av resultat

For å oppsummere og analysere innsamla data, delte medlemmene i webgruppa oppgåvene mellom seg og vurderte utføringa på kvar oppgåve for alle respondentar. Kvar respondent fekk frå 0 til 3 poeng for kvart spørsmål. 3 betyr at studenten navigerte seg effektivt fram og løyste oppgåva snøgt. 0 inneberer at dei aldri fant fram.

Høgste moglege poengsum for kvar oppgåve (alle respondentar lagt saman) er 63p.

Resultat

Spørsmål 1: Finn åpningstidene til ditt campusbibliotek.

Svaroversikt	3p. – 14 st.	2p. – 4 st.	1p. – 2 st.	0p. – 1 st.
	Totalt: 52p.		Gjennomsnitt: 2,5p.	

De fleste fant raskt frem til åpningstidene, men noen scrollet litt mer enn andre. Det kan være at «opningstider» istedenfor «åpningstider» forvirret flere av deltagerne da flere hadde pilen over uten å «forstå» at bak knappen var åpningstidene. Flere måtte kikke mer på siden for å være sikker på at det var rett sted. Et par var innom flere forskjellige steder og måtte få hint fra bibliotekaren. Det var kun en deltager som ikke fant frem og ga opp.

Det å finne åpningstidene i søkefeltet var avhengig av hvilke/hvilket søkeord man brukte. Respondenten som brukte søkeordet «Stord» fikk ikke opp åpningstidene uansett hvor mye hen bladde, men de som søkte på «åpningstider» fant det fort. Her går det nok mer på den enkeltes søkeevne enn hvordan det er å finne ting på nettsiden.

Inntrykket er at de fleste vet at man finner informasjon om åpningstider o.l. på bunnen av en nettside, men flere bladde ofte ikke langt nok ned og strevde derfor med å finne informasjonen.

Forslag til tiltak

1. Større kontrast mellom knapp og bakgrunn.
2. Kraftigere farge på lenkene i høyre marg.

Spørsmål 2: Har biblioteket boka *Metode og oppgaveskriving* av Olav Dalland?

Svaroversikt	3p. – 18 st.	2p. – 3 st.	1p. – 0 st.	0p. – 0 st.
	Totalt: 60p.		Gjennomsnitt: 2,9p.	

Med unntak av en person søkte alle informantene med en gang direkte i Oria-søkeboksen på fremsiden. De fleste var fornøyde bare med å finne boka i trefflisten, men var flere som visste at man kunne trykke på posten for å finne tilgjengelighet. Det var likevel varierende hvordan folk søkte.

Sistnevnte observasjon handler mer om søkeadferd enn hvordan brukere finner frem på nettsidene våre. Det var interessant å observere hvordan respondentene leste trefflisten. Det var kun 4 stk. som fant korrekt bok, *Metode og oppgaveskriving* fra 2017. Resten fant en bok fra samme forfatter med lignende tittel: *Metode og oppgaveskriving for studenter* fra 2012, eller en eldre utgave. De fleste valgte «feil» bok selv om den med korrekt tittel var rett nedenfor. Det var noen som la merke til at det var to forskjellige titler, men allikevel valgte de «feil» bok. Vi har ikke tatt hensyn til slike problemstillinger når vi gav poeng, da dette går mer på hvordan de leser trefflisten enn søker på sidene.

Forslag til tiltak

Nettsiden fungerer godt som den er, tiltak ikke nødvendig.

Spørsmål 3: Hvor ville du lete etter relevant litteratur som er aktuell for ditt fagområde?

Svaroversikt	3p. – 8 st.	2p – 5 st.	1p – 3 st.	0p – 5 st.
	Totalt: 37p.		Gjennomsnitt: 1,8p.	

I denne oppgaven var vi særlig interessert i om respondentene kunne finne frem til siden «fagressurser» og bruke enmeindelingen der. Det var likevel ingen som klikket på «fagressurser» under Oria-boksen. Det virker som flere ikke helt forstod hva som var ment med spørsmålet. Flere måtte få hint eller forklaring om at biblioteket hadde sider hvor de kunne få hjelp til dette. Det var flere som nevnte pensum, og at de ville ha sjekket Canvas i så måte. Det å søke etter tilleggslitteratur virket litt ukjent for enkelte, som derfor ikke helt forstod hva vi mente med «relevant faglitteratur». Det var også en respondent som kommenterte at for henne var selve spørsmålet uklart.

De fleste fant frem til fagressurssidene via «Finn litteratur og fagstoff», men det var flere som hadde problemer med å finne frem til databasene fra denne siden. Hoveddelen av respondentene så kun på listen over materiale og overså boksen med lenke til databaser og fagressurser. Flere måtte dyttes litt i for å forsøke mer da de sluttet vel raskt og ikke gjorde et ordentlig forsøk på å løse oppgaven. Muligens følte de seg usikre på spørsmålet? Flere av respondentene som ikke fant fagressurs-siden eller var motvillige til å lete noe særlig videre, kom flere ganger tilbake til at de bare ville brukt Oria. I ett tilfelle visste respondenten om fagressurssiden og var godt kjent med den, men vedkommende hadde problemer med å finne den, og lette mer inne på HVLs forskningssider enn via bibliotekets sider.

Forslag til tiltak

1. Boksen “Finn databaser og ressursar for ditt fag” på siden *Finn litteratur og fagstoff* bør komme tydeligere frem. Listen “Korleis finn eg?” tar for mye av oppmerksomheten.
2. Layouten til «Fagressurser» på forsiden må endres på, linken ser ut som en overskrift. Vi kan vurdere å endre den til å se ut som punktene under med pil før tittel.

Spørsmål 4: Du skriver en oppgave og lur på hvordan du skal vise til kildene du har brukt. Hvor ville du gått for å finne ut hvordan kildehenvisninger skal skrives?

Svaroversikt	3p. – 16 st.	2p. – 3 st.	1p. – 1 st.	0p. – 1 st.
	Totalt: 55p.		Gjennomsnitt: 2,6p.	

Majoriteten av respondentene gikk rett til *Skrive og referere* for å finne informasjon om hvordan man refererer. Det tyder på at dette er en god og informativ overskrift, men noen trenger litt mer tid enn andre for å finne rett sted inne på selve siden. Noen vurderer «akademisk skrivning» før de ser «referanser og litteraturliste» litt lenger nede på siden. Flere fant lenke til *Søk og skriv* via høyremargen. Forvirring oppstod likevel ved at man her ble tatt til forsiden på *Søk og skriv*.

Mange respondenter var også godt kjent med både *Kildekompasset* og *Søk og skriv* fra før av slik at de heller gikk (eller ville gått) direkte til de sidene. En respondent kommenterte at dette var noe de hadde lært i introkurset og derfor hadde bokmerket siden. Inntrykket blir at flesteparten visste hvordan de skulle finne frem til informasjon om kildebruk.

Den ene respondenten som fikk 0 klarte å finne frem til *Skrive og referere*-siden, men det virket som hen egentlig ikke visste hva som var på siden eller hva hen skulle se etter. Dette mest sannsynlig pga. en språkbarriere. Det kan være at nettsidene ikke er enkle å forstå for en som ikke har norsk som morsmål.

Forslag til tiltak

1. Flytte «akademisk skriving» ned et hakk, slik at «kjeldebruk» kommer øverst.
2. *Søk og skriv* og *Kildekompasset* i høyremarg kan ta brukerne direkte til APA istedenfor til hovedsidene.

Spørsmål 5: Du trenger hjelp til litteratursøk i forbindelse med et arbeidskrav. Hvordan går du frem for å kontakte noen ved biblioteket som kan hjelpe deg?

Svaroversikt	3p. – 12 st.	2p. – 6 st.	1p. – 0 st.	0p. – 3 st.
	Totalt: 48p.		Gjennomsnitt: 2,3p.	

Spørsmål 5 lèt seg ikkje så lett summere eintydig. 3 av 21 finn ikkje ut av spørsmålet. Det er viktig å merke seg her at over halvparten (12 av 21) svarer uoppfordra at dei ville teke kontakt med skranken, altså at dette er deira umiddelbare val. 6 av 21 oppsøker funksjonen «Kontakt biblioteket» på framsida. 12 av 21 går til sida *Få hjelp* og vel ulike løysingar her (skrivesenter, kontaktbibliotekar, kontaktskjema, eller berre campusbibliotek).

Presisering: sidan *Få hjelp*-sida er det vi var ute etter her, må informantene gå (snøgt) til denne for å få tre poeng; *Kontakt biblioteket* har fått to poeng. Uansett klarer 18 av 21 å bruka nettsidene våre til å få hjelp.

Forslag til tiltak

Ikkje naudsynt å gjere endringar på nettsidene her.

Spørsmål 6: Finn de elektroniske ordbøkene biblioteket har tilgang til.

Svaroversikt	3p. – 10 st.	2p. – 2 st.	1p. – 5 st.	0p. – 4 st.
	Totalt: 39p.		Gjennomsnitt: 1,9p.	

Spørsmål 6 gjev samla sett ein låg poengsum. Rett nok får 10 av 21 informantar full poengsum her, men resten strevar med å finne ut av spørsmålet. Desse søker anten etter «ordbok» i Oria eller går til «E-bøker» under fagressursar (feilløysingane på oppgåvene fordeler seg jamt på desse kategoriane).

Forslag til tiltak

Det er opplagt at ordbøker må bli lettare å finne fram til, så vårt framlegg er å flytte ordbøker litt høgare opp i «kollapsen» på sida *Finn litteratur og fagstoff*, kanskje til og med heilt opp. Dette går på kostnad av ein del andre kategoriar, men bøker og artiklar vil brukarar truleg søka etter primært andre stader uansett. Om dette vil gjera det lettare å finne ordbøkene, er likevel usikkert.

Det står elles «ordbøker» i det turkise feltet på framsida, men som link er dette misvisande, og bør faktisk fjernast, då brukaren ikkje blir ført til ein tydeleg ordbok-«stad» (finst rett nok under «Type

ressurs», men ikkje nødvendigvis lett å finne). Ordbøker kan etter vårt syn fjernast her, i samband med av vi truleg kjem til å revidere teksten på denne lenka/knappen.

Spørsmål 7: Du har lånt et par bøker som du er usikker på når du skal levere. Du vil gjerne sjekke forfallsdato. Hvordan går du frem?

Svaroversikt	3p. – 16 st.	2p. – 4 st.	1p. – 1 st.	0p. – 0 st.
	Totalt: 57p.		Gjennomsnitt: 2,7p.	

Spørsmål 7 klarer dei aller fleste å løyse kjapt. 5 av 21 går ikkje direkte til «Min konto», men også desse fem klarer å løyse oppgåva. Vi kan konkludera med at «Min konto»-funksjonen er godt kjent mellom studentar.

Forslag til tiltak

Ikkje naudsynt.

Spørsmål 8: Finn om biblioteket har kurs i for eksempel søking, referering, etc.

Svaroversikt	3p. – 8 st.	2p. – 2 st.	1p. – 7 st.	0p. – 4 st.
	Totalt: 35p.		Gjennomsnitt: 1,7p.	

Tanken med spørsmålet var at respondentane skulle finne fram til kalenderen som ligg på framsida. Spørsmålet viste seg å skape eit vasskilje mellom respondentane: Halvparten finn fram rimeleg greitt fram til kalenderen, men resten strevde med oppgåva, og fire respondentar måtte gje heilt opp.

Kalenderen og nyheitsboksen er den einaste informasjonen på bibliotekets nettsider som ein berre finn på framsida. Det er ikkje heller mogeleg å lenkje til dei. Mange respondentar gjev inntrykk å berre sjå på det som ligg *ovanfor* nyheitsboksen, dvs. at dei forventar å finne alt her. Dermed finn dei ikkje kalenderen, som ein må scrolle for å sjå. Mange klikkar på *Arrangement og formidling* og forventar å finne kurstilbod der. Der ligg det òg ei lenkje som heiter «Sjå kalenderen». Den viser derimot til den samla HVL-kalenderen som ligg på framsida av hvl.no. Der ein har mogelegheit for å filtera på “Kurs”, men det vil ikkje gje resultat på biblioteket sine kurs, då vi generelt sett ikkje publiserer i den kalenderen.

Sida *Arrangement og formidling* blei oppretta mykje seinare enn resten av biblioteksidene. Difor kan det vere at ho ikkje er like godt integrert med dei andre sidene. Sida kom i stand ut frå eit behov om å løfte fram bibliotekarbeid som ikkje går på undervisning, som forskingsformidling og boklanseringar. Det kan sjå ut som om det er ei oppdeling mange studentar ikkje finn naturleg. For dei er kurs, formidling, lansering, arrangement, etc. del av same sak – «tilbod frå biblioteket».

Mange studentar fant fram til *Få hjelp*-sida. Der det blir vist til ulike kurs og rettleiingstenester. Under avsnittet *Øvrige kurs og rettleiing* ligg òg ei lenkje til *Kurs og undervisning*. Det er ei side som har eit uklart fokus. Der det blir vist til bibliotekets kalender, men utan å vise direkte dit, samt til kontaktskjemaet.

Forslag til tiltak

1. At det ikkje er mogeleg å ha direktelenkje til kalenderen gjer at det er vanskelegare å vise til den. For å få til dette må dei sentrale webansvarlege og Bouvet involverast. Vi ser for oss to måtar å gjere det på:
 - a. Bruke anker-løysing på framsida, slik at ein kan ha ei adresse som går direkte dit på sida der kalenderen er. Vi kan dermed lenkje dit frå andre sider.
 - b. Ha ei eiga side for kalenderen. Teksten på framsida "Sjå fleire arrangement" vil då vise til den nye sida – slik som det er gjort frå HVL si framside.
2. HVL har fleire kalendrar. Når ein publiserer hendingar, vel ein i kva for kalender dei skal publiserast. Derimot finst det ingen felles oversikt for kva som ligg på tvers av alle kalendrar. Ei slik oversikt hadde kunne gjort det enklare å finne alt. Vi trur ikkje det er innlysande nok for brukarane at alle dei ulike kalendrane på hvl.no ikkje heng saman.
3. Biblioteksidene manglar ein god oversikt over kva vi har av kurstilbod. Få hjelp-sida presenterer ein del av vårt faste tilbod, men der manglar til dømes introduksjonskurs og kurs elles, spesielt dei retta mot forskarar.
4. Sida *Arrangement og formidling* burde ta meir høgde for at ein går inn der for å finne kurs og såleis omfatta dette tilbodet også.
5. Sida *Kurs og undervisning* er ei unødvendig side som ho står i dag. Dersom vi byggjer opp ein systematisk oversikt over kursa våre, kunne vi lagt denne hit.

Spørsmål 9: Du har lyst til å bruke et bilde i en oppgave. Hvor kan du finne ut hvilke regler som gjelder?

Svaroversikt	3p. – 10 st.	2p. – 10 st.	1p. – 1 st.	0p. – 0 st.
	Totalt: 49p.		Gjennomsnitt: 2,3p.	

Mange studentar ønskjer å bruke bilete i oppgåvene sine. Med dette spørsmålet ville vi undersøke korleis brukarane finn fram til informasjon om dette, og nærare bestemt om dei kunne finne fram til sida *Bruk av bilder*.

Respondentane tolkar spørsmålet litt ulikt. Nokre tolkar det som at vi spør om korleis dei ville ha referert til eit bilete, ikkje kva for reglar som gjeld med bruk av bileta. Det gjer at dei kjem opp med ulike svar. *Bruk av bilder* seier derimot ingenting om referering, berre opphavsrettsreglar. 13 respondentar går via *Skrive og referere*, mens to går via *Finn litteratur og fagstoff*-sida, der det er ei fane med "bruk av bilde". To studentane peikar som einaste svar på korleis ein refererer til bilete ifølgje APA-standard. Fleire respondentar viser til *Søk og skriv* eller *Kildekompasset* som svar på spørsmålet.

Alt i alt finn dei fram til naudsynt informasjon.

Forslag til tiltak

1. Sida *Bruk av bilder* skulle kunne ha informasjon eller lenkje som viser til sitering av bileta.

Spørsmål 10: Hvor finner du bibliotekets kanaler i sosiale medier?

Svaroversikt	3p. – 9 st.	2p. – 6 st.	1p. – 5 st.	0p. – 1st.
---------------------	-------------	-------------	-------------	------------

	Totalt: 44p.	Gjennomsnitt: 2,1p.
--	--------------	---------------------

Dei primære vegane for å finne biblioteket sine SoMe-kanalar er:

1. På *Om biblioteket*, *Kontakt biblioteket* og *Opningstider* ligg ein gul knapp til høgre.
2. På *Arrangement og formidling* ligg ein knapp i vanleg lenkjesamling.

Fleire respondentar kommenterer at dei ikkje leitar etter om ein organisasjon er på sosiale medium på organisasjonens nettside, men at dei heller søker opp organisasjonen i dei ulike sosiale nettverka. Likevel viser det seg at mange har ei tydeleg formeining om korleis informasjon om dette skal sjå ut. Fleire meiner det burde vere ikon og ikkje tekst som lenkjer til sosiale medium.

